

**Klatrekurs midt på sommaren****04.02.2009**

**Klatrarane i Bergen blir meir og meir hekta på Uskedalen som eit klatresportens Mekka og no fristar DNT Fjellsport med klatrekurs midt på sommaren.**

Kurset startar måndag 29. juni og varar ei veke, det vil seie til og med sundag.

Det blir lova grundig opplæring og deltakarane skal bu i telt eller lavvo ved Fjellandsbøvatnet.  
Klatreklubben opererer med ei aldersgrense på 16 år, men dei som er under 18 må ha særleg løyve frå foreldra.

Mot slutten av kuset, nærrare bestemt på fredagen, skal dei klatra heile 'Nåsoveggen', men det blir presisert at det skal skje etter ei enkel rute.

Så blir det spanande å sjå kor mange som vil ofra ei veke av sommarferien på sunt og friskt friluftsliv ved og i Ulvanåso i Uskedalen....

Av Ola Matti Mathisen